


HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 73

NR. **01** SOMMAR 2020



Foto: kjh

*God
sommar!*

Ord til ettertanke



*Den blomstertid nå kommer med lyst og glede stor,
den kjære, lyse sommer da gress og grøde gror.
Nå rører solens armer ved alt som før var dødt,
de blide stråler varmer, og alt på ny blir født.*

*De fagre blomsterenger og åkrer rad på rad,
de grønne urtesenger og trær som skyter blad,
hver blomst, hver spire minner oss om å ta imot
det lys som alltid skinner fra Gud, vår skaper god.*

*Vi hører fugler sjunge med herlig jubellyd!
Skal ikke da vår tunge lovsynge Gud med fryd?
Min sjel, opphøy Guds ære med lov og gledesang!
Han vil oss nådig være som før så mang en gang.*

*Gud signe årets grøde i alle verdens land!
Gud gi oss daglig føde fra jord og hav og strand,
og hjelp oss du å dele med andre det vi har,
vårt liv, vår jord, det hele er ditt, vår Gud og Far!*

2

*Du kjære Herre Kriste, du sol med klarest skinn,
la hjerte-isen briste og smelte i vårt sinn!
La dine budord følges, og mett oss med ditt ord,
la nådens lys ei dølgjes for oss på denne jord.*

KONFIRMASJON 2020

Avslutninga på konfirmantåret blei annleis enn vi hadde tenkt. Samtalegudsteneste og konfirmasjon vart på grunn av Korona utsett til hausten.

Fylgjande datoplan er oppsett. Vi veit enno ikkje kor mange deltakarar vi kan ha i kvar gudsteneste og må kanskje dele opp konfirmantgruppene enno meir.

Vi må ta atterhald om endringar.

Vik kyrkje fredag 11.sept. kl.18.00 Felles samtalegudsteneste.

Vik kyrkje 19.sept.

Eirin Berdal

Victoria Christensen

Elias Gissingen

Torgeir Kollsete

Erlend Opheimshaug Moheim

William Tenold

Tor Ivar Time

Jonas Langeland Tistel

Jaran Tryti

Brede Grindedal Vange

Nathalie Holen Årevik

Fresvik kyrkje 3.okt.

Eirik Høydal Breili

Feios kyrkje 3.okt.

Sissel Harbakk

Eldar Hove

Brage Refsdal

Vangsnes kyrkje 4.okt.

Marius Holen

Eva Othelie Hellen Lidal

Vik kyrkje 10.okt.

Malin Eli-Nora Nilsen

Amundsen

Thomas Michael Gebrezghi

Håvard Tenold Hopperstad

Marte Hovland

Karin Laskerud

Brita Melheim

Elijas Palne

Jenny Røyrvik

Arna fjord kyrkje 10.okt.

Brynjar Romslo Bungum

Sigve Rinde Heggenes

Kjersti Christensen Hønsi

Emma Sol Angelica Midtbø

Simon Olai Olufsen Storli



Frå venstre: kyrkjevevjer Ingvar Vangsnes, avtroppande fellesrådsleiar Ingunn Bjørk Refsdal, kyrkjetenar Ragnar Hove, organist Inger Marit Hove, organist Lars Einar Bak-keteig, Fellesrådsleiar Leif Eikeland.



Frå bordsete Blix hotell

VÅRE KJÆRE ORGANISTAR OG EIN KYRKJETENAR ER PENSJONISTAR

Begge organistane våre ynskjer å verta pensjonistar.

Vi søker etter ny organist, men i mellomtida stiller Inger Marit Hove og Lars Einar Bak-keteig opp som dei har gjort i alle år; vel budde til det som er planlagt, og budde på rask omstilling om noko vert endra undervegs.

Ragnar Hove har i ei årrekkje gjort ei god teneste som time-kyrkjetenar i Vik og på Vangsnes. Han har også sagt frå seg fast teneste, men er heldigvis på plass med kiming i Vik kyrkje høgtidene og kanskje ein og annan gong elles også.

I desember var staben samla til middag på Blix hotell. Avtroppande fellesrådsleiar Ingunn Bjørk Refsdal og påtroppande fellesrådsleiar Leif Eikeland var også med. Organistane vart takka med tale og avslutningsgåve frå Vik kyrkjelege fellesråd.

Men - vi gir ikkje slepp på dei som gode vikarar!



Gygrene deltok med sin vakre song på gudstenesta i Vik kyrkje 9.jan.



I lysmesse Feios kyrkje takka avtroppande soknerådsleiar, Rune Hjortland og den nye leiaren Monica Feidje Midlang, Stein Arne Larsson for tenesta som sokneprest i Feios.



Ved kveldsmaten i Kyrkjestova 9.jan vart Stein Arne takka og ynskt lukke til vidare av kyrkjelyden i Vik v/ Reidunn Bolstad.

4

FENGSELSPREST OG PROSTIPREST

STEIN ARNE LARSSON ER NO SOKNEPREST I HOL

På lysmessene i Feios og Fresvik vart han 1.des. 2019 takka av sokneråda for tenesta som sokneprest der. Han heldt avskilsgudsteneste i Vik kyrkje 9.jan

2020. Etter gudstenesta inviterte staben til ein triveleg fest i Kyrkjestova, med god mat. Og dei gode musikkmedarbeidarane hans, Gygrene,

var veldig til stades! Til stades var og prost Geir Paulsen.

Vi ynskjer han alt god på den nye tenestestaden.

SN/KJH

NYE PRESTAR I VIK

Björgvin bispedømmeråd har i februar møtet tilsett ny sokneprest og ny fengselsprest/prostiprest. Karen Helene Bøhn Melhus er tilsett som sokneprest, medan mannen hennar, Rasmus Bolstad Rustad, er tilsett som ny fengsels- og prostiprest.

Vidare har dei skreve en tekst for å presentera seg sjølv litt:

Karen er 24 år (fyller 25 i juli) og kjem frå Tveit i Kristiansand. Rett frå vidaregåande flytta ho til Oslo for å studere teologi på MF. Då hadde ho frå ho var 13 år tenkt på å bli prest. No i juni fullfører ho studiet og ordinerast til prest heime i Tveit kyrkje.

Gjennom ungdomsåra og studietida har Karen engasjert seg i kyrkja på ulike måtar. Ho har vore varamedlem og seinare nestleiar i bispedømerådet i Agder og Telemark bispedøme, i tillegg til å ha vore leiar av ungdomsrådet der. Ved siden av studiane har ho også jobba i SiO, studentsamskipnaden i Oslo.

Rasmus er 26 år gamal og kjem frå Vågå. Rasmus er presteson og har budd fleire plassar i Noreg. Før han begynte teologistudiet på MF gjekk han eit år på Sagavoll Folkehøgskule. Fyrst gjekk han tre år på MF, før han gjekk to år på TF – og fullførte det seksårige studiet på fem år. Han fullførte studiet juni 2019 og ble ordinert i Ringebu stavkyrkje i november, saman tvillingsøstera.

I løpet av åra i Oslo har Rasmus jobba som kyrkjetenar i Kampen kyrkje. Han har også vore engasjert i lokal- og sentralstyret i Norges Kristelige Studentforbund. No avtener han fyrstegongstenesta si som feltprest i



Hans Majestet Kongens Garde, kor han skal jobbe fram til 28.august. Vi møtte kvarandre på MF, då vi starta på teologistudiet samtidig. Videre skulle det vise seg at begge budde på Kringsjø Studentby. Her har vi budd fram til no. Vi gifta oss i august 2018, i Tveit kyrkje.

Om somrane dei seinare åra har vi begge vore sommarprestar. Karen har vore prestevikar i Sunnfjord prosti i tre år. I fjor sommar var også Rasmus med dit. Så Vestlandet er ikkje heilt ukjend. Tidlegare år har han vore fleire plasser, mellom anna fleire stader i Finnmark.

No ser vi fram til nytt tilvære i Vik. I slutten av juni køyrer vi flyttelasset frå Oslo til Vik, og flyttar inn i prestebustaden. Så blir det litt ferie og jobb før vi er i gong. Karen startar i jobben som sokneprest i månadsskiftet juli/august, medan Rasmus byrjar i september, når han har avslutta tenesta i Garden.

Vi gler oss til å bli kjend med dykk, kyrkja og bygda!

*Prostiprest/
fengselsprest
Rasmus
Bolstad Rustad
frå Vågå og
Karen Helene
Bøhn Melhus
frå Kristian-
sand.*

Det blir innsettingsgudsteneste i Vik kyrkje 2.aug. kl.11.00 av begge prestane v/ prost Geir Paulsen. Då håper vi at det er opna for at mange kan få vere med i kyrkja. Sjå annonsering.

Vi ynskjer Karen og Rasmus hjarteleg velkomne som prestar i dei fem sokna i Vik!

Nytt frå fellelsråd og kyrkjevevja

Vedlikehald: Det er stort etterslep på vedlikehald av kyrkjene i kommunen. Riksantikvaren har fått øyremerka midlar til mellom anna listeførde kyrkjer. Feios kyrkje har fått kr 300.000 til vedlikehald av fasade i 2019. Arnafjord kyrkje er prioritert på årets tildeling og der har fellelsrådet søkt på midlar til brannalarm. Det er ingen av kyrkjene i kommunen som har brannvarsling. Eigenandelen på midlar frå riksantikvaren er på 40% som må dekkast av fellelsråd eller kommune. Tårnet i Vik kyrkje skal målast ferdig og takrennene gåast over. Vi slit med dårlege tak på mange av kyrkjene. Spesielt med at det dett ned takheller grunna mykje vind og dårleg underlag.

Tilstandsrapport: Eit anerkjent firma har laga ein detaljert tilstandsrapport over alle kyrkjene våre og det gir fellelsrådet ei god oversikt over kva som må gjerast på vedlikehaldssida. Kor mykje ein får gjera framover er vanskeleg å spå då løyvinga til fellelsrådet skal skjerast ned med ca 14 % iflg. økonomiplanen.

Vernedeksel: Fellelsrådet har bestemt at vi får kjøpa inn vernegitter rundt omnane i alle kyrkjer. Håpar at vi med dugnadshjelp frå sokneråda kan montera dei utan å leige inn monteringsfirma. Vernegittera lagar ikkje merke på golva. Det er lovpålagt med vernedeksel rundt dei gamle omnane.

Tilkomst til kyrkjekontoret: Det er ikkje til å leggja skjul på at vi har fått klager på at det har vorte vanskeleg å komma fram til kyrkjekontoret etter at kommunen monterte kortlås på alle dørene frå inngangen til dei ulike kontora. Nytt no er at det er fri tilkomst til kyrkjekontoret i opningstida vår måndag –torsdag kl.10.00 -15.00.

Økonomi: Fellelsrådet arbeider framleis med utfordringar knytt til nedskjering i kommunale overføringar. Budsjettet for 2020 er redusert med ca kr 200.000 i høve 2019 og er no på kr 3.100.000. Dei neste åra ligg det inne ei ytterligere nedjustering på kr 400.000 og korrigerer vi for deflatoren (lønns og priskomp.) vil vi i løpet av to år få ein reduksjon på ca kr 700.000,- eller nærare 22% . Dette vil medføre kutt i staben på over eit årsverk og då er det ikkje mykje att av personale til arbeidet i kyrkja. Fellelsrådet ser også på moglegheita for å slå seg saman med Sogndal kyrkjelege fellelsråd, men då må det gjerast ei grundig konsekvensutgreiing før det kan bli aktuelt.

Korona situasjonen har gjort sitt til at denne prosessen har vorte forseinka.

Organist og trusopplærar: I januar søkte me etter organist og trusopplærar. Vi håpar å tilsetja ny organist i løpet av våren. Vi har ikkje hatt respons på trusopplærarstillinga, men jobbar med å finne ei løysing på det og. **Prestesituasjonen:** Fellelsrådet og staben er glade for at det endeleg kjem ny sokneprest til Vik og prest til fengsel og prostiprest. Prestegarden er pussa opp både innvendig og utvendig så vi håpar alt ligg til rette for at ekteparet vil føla seg velkomne. Dei har vore her og sett på forholda og helsa på oss i staben.

Gudsteneste i sommar:

Vikarprest Egil Johannes Reindal skal vikariere frå 31.mai og i juni månad og vi startar oppatt med gudsteneste fyrste pinsedag. Det er fleire barnedåpar som har vorte utsette grunna situasjonen. Vårt ynskje er at det vil normalisera seg og at aktivitetane kan gå som normalt med dei restriksjonar som framleis gjeld.

Auke av festeavgift på graver i Vik kommune:

Vik formannskap vedtok på møte 01.04.20 å auka festeavgifta på graver frå kr. 150.- til kr. 300.- pr. år.

Endringa i avgifta gjeld frå 01.07.2020.

Endring av gravplass vedtekter:

Vik kyrkjelege fellelsråd skal på møte i juni drøfte forslag til nye gravplassvedtekter for alle gravplassane i kommunen. Vi prøver å tilnærma oss nabokommunane når det gjeld utforming av vedtektene. Vi held framleis på at det er dei med bustadadresse i kommunen som vil ha rett til fri gravferd. Når vedtektene er godkjende av fellelsrådet og av Bjørgvin bispedøme vil dei bli trykte i bladet.

Velteprøve av gravmonument:

Vi har i år gjennomført velteprøve av gravminne. Det er pårørande (festar) som er ansvarleg for at gravminne er forskriftsmessig i orden etter lov og gravplassvedtekter. . Det kan i ein del tilfelle vere vanskeleg å vite kven som er ansvarleg for ei grav, då det ikkje alltid er registrert. Vi beklagar om nokon har oppdaga ein gravstein er lagt ned før kyrkjevevja har fått gitt melding om det.

Korona- pandemien:

Regjeringa har no opna oppatt for gudstenester og andre kyrkjelege aktivitetar. Vår fyrste gudsteneste blir 1. pinsedag i Vik

kyrkje. Sjå oversikt i bladet for gudstenester framover. Vi ynskjer alle velkomne tilbake til kyrkja, men vil oppfordre dykk til å respektere anbefalte råd frå folkehelseinstituttet. I alle kyrkjer vil det stå oppslag / informasjon om kva reglar som gjeld. Det er viktig at alle tek vare på seg sjølv og ikkje utset andre for smittefare.

- **Sjuke personar skal ikkje delta eller vere til stades**
- **God handhygiene**
- **God avstand og minst mogleg kontakt mellom personar**
- **Minst mogleg berøring av inventar og utstyr**

Vi er pålagt å registrere namn og telefonnr. på alle som deltek i gudstenester eller andre kyrkjelege handlingar. Dette vil bli gjort ved inngang i kyrkja.

Pr. i dag er det maksimalt 50 personar (+ bemanning frå kyrkja) som kan vera til

stade. Barsedåp kan verta gjennomført etter ei gudsteneste eller kanskje på ei eiga dåpsgudsteneste ein annan dag (lauddag) i juni. I juli månad har vi ikkje fast vikarprest. Ta kontakt med kyrkjekontoret om de ynskjer dåp!

Alle puter i benkane er fjerna. Benkane (annakvar) som ikkje skal brukast er merka. Gudstenesteark blir lagt ut i benkane. Familiemedlemmar kan sitja i lag, men andre må sitja med 1m mellomrom. Det er ikkje tillate å bruke salmebok. Offer blir VIPPS eller overføring til bankkontonr. til soknerådet.

Vi håpar på at det vil normalisere seg utover sommaren & hausten til dei nyttilsette prestane kjem.

God sommar!

I.V.

Opprydning på loftet i Vik kyrkje



*Arbeidslaget
frå 9. klasse,
frå v: Marius,
Håvard,
Brede,
Hussein,
Jonas,
Brynjar,
Tor Ivar,
Eldar, Brage.*

Vik kyrkje var ferdig restaurert i 1962 og ein del material mm har sidan den tid lege att på loftet, og meir har kome til i ettertid frå ymse arbeid. I snart 60 år har det også samla seg store mengder lauv og støv frå dei store bjørketrea som omkransa kyrkja fram til 2012. Diverre er taket, særleg mot

sør, utsett for lekkasje i kraftig regn. For å få betre oversikt over problemet vart heile loftet i vinter rydda for material, skiferheller, murstein og om lag 100kg støv. Når det no regnar er det enkelt å sjå akkurat kvar det kjem inn vatn. For å få all material og ymse ned frå loftet og ut i bilhengarane

oppfordra vi 9. klasse ved Flatbygdi skule, som no likevel samlar inn pengar til klassetur. Dei stilte med 9 ivrige gutar som på ein time og med liv og lyst bar til saman 90 bører ned dei smale og bratte trappene. Dette var god innsats for Vik kyrkje og for klasseturen!

N.K



TRUSOPPLÆRINGA I VIK

Trusopplæringa første halvår 2020 har vore prega av at vi ikkje har hatt fast tilsett trusopplærar.

Stillinga var utlyst 40 % med søknadsfrist 15.jan. 2020. Ingen søkjar. Vi er fleire som har prøvd å halde trusopplæringsarbeidet i gang så godt vi kan sidan Rut Solveig N. Netland slutta i juni 2017.

I januar og februar var det utdeling av Bibel i Vik, Vangsnes og Arnaford til dei som fyller 11 år dette året.



Vangsnes kyrkje

*Dåpskanna i
Arnaford flott
oppussa av
Mykkeltvedt
på oppdrag
frå
soknerådet.
Tusen takk!*



Arnaford kyrkje



Vik kyrkje

I februar og mars hadde Tove Geithus og underteikna ansvar for Minikonfirmant-opplegget for 11-åringane. Vi fekk berre gjennomført 2 samlingar på Kyrkjestova før Korona-restriksjonane kom. Vi vonar å kunne gjennomføre dei 2 siste samlingane til hausten. Fellesrådet arbeider med å få ny trusopplæringsmedarbeidar, og det vonar vi lukkast. Hausten 2019 hadde vi utdeling av 6 års bok i Arna fjord.

I vår skulle vi hatt 6 års fase i fleire sokn. Dette måtte vi også utsette, det samme med «Tårnagentsamling» i Vik.

Dei to siste åra har vi byrja med «Krølle-samlingar» og utdeling av ei bok til dei som fyller 3 år. I vår vart boka lagt i postkassa til 3-åringane. Håper boka er til glede.

Det har vore nokre spesielle månader både for born og vaksne under Korona-pandemien.

Det har kome mange tilbod på digitale medier; søndagsskule, babysong, konsertar, andakter, gudstenester m.m. Håper mange har hatt glede av å fylgje med på dette.

Men vi saknar å møte kvarandre i det sosiale fellesskapet i kyrkje, Kyrkjestova og på bedehus, og vonar det blir meir og meir normale tilhøve.



kjh

TRUSOPPLÆRINGA I VIK

Vi vonar at mange vil vere med å støtte arbeidet med trusopplæringa for born og unge i Vik.

Takkoffer i kyrkjene blir sett inn på ein felles konto som sokneråda har oppretta.

Vi har også fått nokre faste gjevarar, men treng fleire.


Konto nr 3800 16 07275

Vi er takksam for alle enkeltgaver og alle som vil vere faste gjevarar !

Fargelegg!

Teikning: Kari Sortland

David laga mange songar som står i Bibelen.



Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland



Finn namn på 10 edelsteinar!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



VITSAR

– Pappa,
kvifor gifta du deg
med mamma?
– Fordi mor di er ei
helt spesiell kvinne.
– Korleis då?
– Ho var den einaste
som ville ha
meg.

– Eg klarer
ikkje å sove når eg
har drukke kaffi!
– Så rart! Med meg er
det omvendt: Eg klarer
ikkje å drikke kaffi
når eg sov.

Helsing frå kyrkja

- Rekneskapsoversikt 2019

RESULTAT

UTGIFTER

INNTEKTER

Trykking m.m.	IHP	63.087,25	Bladpengar	85.950,00
Kristeleg press.ktr. ab. 2019		1.800,00	Renteinntekter	<u>759,38</u>
Kontorutgifter/gbr/porto.		<u>12.732,00</u>		
Sum utgifter		77.619,25	Sum inntekter	86.709,38
Overskot		9.090,13		
Sum		<u>86.709,38</u>	Sum	<u>86.709,38</u>


BALANSE

AKTIVA

PASSIVA

Bankkonto,brukskonto	82.193,05	Eigenkapital 01012019	186.070,55
Bankkonto,topprente	<u>112.967,63</u>		
Sum bankinnskott	195.160,68	Overskot 2019	<u>9.090,13</u>
		Eigenkapital 31122019	195.160,68
Sum	<u>195.160,68</u>	Sum	<u>195.160,68</u>

Vik i Sogn, 31122019
09032020


Sylvi Nummedal
-kasserar-


Olav Håkon Refsdal
-revisor-

Meldingar:

TAKK FOR BLADPENGAR I 2019!

Og takk for alle andre gaver til bladet.

Vi nådde målet om tre blad i 2019! Etter å ha betalt trykking av 2/18 og dei tre i 2019 er overskotet mindre i 2019 enn i 2018.

Vi hadde teke sikte på å få ut tre nr. i 2020,

No vart det noko stopp i vår verksemd og, men her kjem i alle høve nr.1/2020.

Oppdatering av nettsida som vi arbeider med no, vonar vi skal vera klar til opning før sommaren.

Vedlagt dette bladet er ein giro for 2020.

150 for innanbygds, 200 for utanbygds.

Redaksjonen

KYNDELSMESSEBASAREN

vart arrangert 1.febr. med fullt hus og stormande jubel. Takk til Ole Agnar Helland som heldt andakt og Frelsesarmeens strengemusikk som song. Tove S. Geithus leia oss stødig gjennom arrangementet. Kaffipausen er populær og gode kakefat i hopetal kom inn frå kjøkkenet. Vi hadde 5 åreomgangar og Osvald Risløw stod for trekkinga også på hovudtrekninga. På barneboka hadde vi 15 gevinstar og hovudboka 55.

Hjarteleg takk til alle i næringslivet og privatpersonar som har støtta basaren ! Takk til loddseljarar, loddkjøparar, alle so kom med bakverk og arbeidde på kjøkkenet, alle som elles tok del i arr. av basaren, ikkje minst med opprydding!

Vi fekk inn kr. 53.700.- brutto. Vi hadde utgift til annonse, husleige og litt gevinstar.

Nettoinntekta er som alltid sendt til Det Norske Misjonsselskap.

*Flatbygdi kvinneforening og
Kyrkjestova Misjonslag.*

HELSELAGSBASAREN

måtte i år avlysast på grunn av koronasmitten.

Vik Helselag vil likevel få takka alle som kjøpte loddar.

Takk for alle fine gevinstar. Takk for all god støtte.

Gevinstane vart trekte på

Frelsesarmeen laurdag 18.april.

Takk til Osvald Risløw for god hjelp med trekkinga.

Basarnemnda

160 år med misjon.

Det er i år 160 år sidan kvinner i Vik starta misjonsforening for Det Norske Misjonsselskap.

Flatbygdi kvinneforening har hatt plan om å markere dette i haust.

Vi veit ikkje i skrivande stund korleis og kva tid. På grunn av Korona-restriksjonar kan det bli tett med arrangement i kalendaren.

FORMIDDAGSSTREFF 30 ÅR.

Vi starta med å arrangere Formiddagstreff for småborn & foreldre i september 1990.

Vi håper at vi kan få starte opp igjen til hausten, og at vi får markere jubileet vårt.

Det er mange som har vore på desse treffa gjennom 30 år, så vi kan nok ikkje invitere alle til jubileum, men vi sender gode tankar til alle.

FASTEAKSJONEN 2020

vart ein digital innsamlingsaksjon.

I Vik kommune har vi fått inn kr.

36.684,- til Kirkens Nødhjelp.

Hjarteleg takk til alle gjevarar!

Døypete:

VIK:

01.09.19. Olav Myrkaskog Holen
25.12.19. Amanda Claire Talaoc Aafedt
26.01.20. Didrik Breidvik Kollsete
08.03.20. Sanna Bø Holen
02.05.20. Ariel Chen Nummedal

FEIOS:

01.12.19. Saga Håvardsdotter
Rosseland
19.01.20. Olai Vangsnes Borlaug

ARNAFJORD:

16.02.20. Sverre Hove Dale

Uigde:

19.01.20. Ann Iren Borlaug og
Håkon Vangsnes

Døde:

VIK:

17.11.19. Johan J. Halrynjo	f. 1933
10.12.19. Kåre Bø	f. 1943
13.12.19. Bjørnhild Tuxen Thingvoll Berge	f. 1948
09.01.20. Leiv Arvid Risløv	f. 1948
15.01.20. Olav L Brekke	f. 1927
15.02.20. Steinar Rinde	f. 1954
30.03.20. Alv Tistel	f. 1953
24.04.20 Jon H. Nummedal	f. 1934
09.05.20. Elsa Maria Geithus	f. 1927

FEIOS:

01.12.19. Borgny Ramfjord	f. 1933
11.04.20. Johanne Marie Amble	f. 1924
15.04.20. Kari Helleland	f. 1925

ARNAFJORD:

20.12.19. Klara Normann Lee	f. 1920
22.04.20 Magnus Dale	f. 1928

Dei siste åra har tre gode kyrkjevevjerer gått bort:

Odd Tjønn (1936 – 2017)

var den første som hadde betalt kyrkjevevjestilling som ein del av arbeidet for Vik kommune. Arkivet frå hans tid er ein fryd å sjå, klare rapportar og dei vakraste kart og andre teikningar. Alt er så nøyaktig gjort at det er lett å finna fram til kva som var arbeidd med i hans tid. Vi som kjem etter, treng det.

Kari Haukeli (1953 – 2019)

var den første kyrkjevevjerja som hadde sin faste arbeidsplass på kyrkjekontoret.

Hennar stilling var 75 % kyrkjevevjerje og 25 % kyrkjelidssekretær for Feios og Fresvik.

Ho reiste frå oss til Nes på Romerike i 1994. I minneordet frå Nes står det at Kari var eit arbeidsjern, ho hadde lange arbeidsdagar og var grundig og nøyaktig i alt ho foretok seg. Dei ord kan vi her i Vik slutta oss til.

Ho døyddde etter ei tids sjukdom 23. juli 2019.

Arvid Engan (1945 – 2017)

Han var kyrkjevevjerje i perioden 1994 – 96

Han orienterte seg i alle deler av den store breidda av aktivitetar som

ligg til fellesrådet; frå tenestene i kyrkja, alle detaljane i kyrkjer og på kyrkjegardar og i grundig rapportering.. Kreativiteten hans sette spor, og han bildedokumenterte alle kyrkjebygningar og -utstyr. Det har vore til stor nytte.

Fred med deira minne.

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Ingvar Vangsnes

epost: ingvar.vangsnes@vik.kommune.no

TELEFONAR KONTORTID

kontor 479 77 806

mobil 901 11 530

mandag-torsdag

kl. 10.00 – 15.00

Sokneprest ansvarleg prost

Geir Paulsen

mobil 901 08 179

Kyrkjelydspedagog - vakant stilling

Tove Sortevik Geithus vikar

mobil 908 09 113

Kyrkjelydssekretær

Kirsti Jelle Hopperstad

epost: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

mobil 911 01 653

Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnes

Jonathan Nahayo

mobil 941 71 504

Kyrkjetenar i Arnafjord

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

mobil 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR

Vik: Reidunn Bolstad, 905 33 581

Arnafjord: Ola Engum, 975 34 827

Vangsnes: Erlend Hanekam, 416 34 981

Feios: Monica Feidje Midlang, 951 72 583

Fresvik: Marianne Bøthun, 938 46 851

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Leif Eikeland

tlf. 908 68 520

Utleige Kyrkjestova:

Inger Anne O. Tryti

tlf. 482 40 316

Kirsti Hopperstad

tlf. 911 01 653

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal tlf. 918 85 770

VELKOMMEN TIL KYRKJE

7.juni, Treeiningssøndag kl.11.00 **Feios kyrkje**
Matt 28,16-20 Gudsteneste v/ vikar E. Reindal
Nattverd. Offer.

14.juni, 2.s.i treeining kl.11.00 **Fresvik kyrkje**
Matt 3,11-12 Gudsteneste v/ vikar E. Reindal
Nattverd. Offer.

21.juni, 3.s.i treeining kl.11.00 **Vik kyrkje**
Luk 14,15-24 Gudsteneste v/ vikar E. Reindal
Nattverd. Offer.

kl.16.00 **Vangsnes kyrkje**
Gudsteneste v/ vikar E. Reindal
Nattverd. Offer.

28.juni, 4.s.i treeining kl.11.00 **Arnafjord kyrkje**
Mark 10,17-27 Gudsteneste v/ vikar E. Reindal

**Musikkmessene kan vi ikkje arrangere som vanleg i Hove kyrkje.
Vi set opp messer og ev. konsertar i juli mnd i Vik kyrkje.
Sjå plakater / eiga annonsering!**

2.aug., 9.s.i treeining kl.11.00 **Vik kyrkje**
Matt 11,28-30 Gudsteneste m/ Innsetting av ny
sokneprest Karen Helene Bøhn
Melhus og fengsels-prostiprest
Rasmus Bolstad Rustad.
Prost Geir Paulsen.
Nattverd. Takkoffer.

9.aug., 10.s.i treeining kl. 11.00 **Vangsnes kyrkje**
Luk 5,27-32 Gudsteneste v/ Karen H.B. Melhus

16.aug., 11.s.i treeining kl.11.00 **Vik kyrkje**
Matt 23, 37-39 Gudsteneste v/ Karen H.B. Melhus
kl.16.00 **Arnafjord kyrkje**
Gudsteneste v/ Karen H.B. Melhus

23.aug. 12.s.i treeining
Matt 6,24-34 **Inga gudsteneste i Vik**

30.aug. ,13.s.i treeining kl.11.00 **Vik kyrkje**
Matt 25,14-30

6.sept., Vingardssøndag kl.11.00 **Sveastemne, Fresvik**
Matt 20,1-16 Gudsteneste v/ Rasmus Bolstad
Rustad

11.sept., fredag kl.18.00 **Vik kyrkje**
Samtalegudsteneste med
konfirmantane v/ K.Netland og
Karen H.B. Melhus

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger
BLADSTYRER : Kirsti Jelle Hopperstad
KASSERAR : Sylvi Nummedal
BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR : 38003011558



VELKOMMEN TIL KYRKJE

13.sept., 15.s.i treeining Matt 5,38-48	kl.11.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste
19.sept. Laurdag	kl.11.00	Vik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste
20.sept., 16.s.i treeining Mark 7,31-37	kl.11.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste
27.sept. Joh 11,17-29 og 30-46		Inga gudsteneste i Vik
3.okt. Laurdag	kl.11.00	Fresvik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste
	Kl.14.00	Feios kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste
4.okt. , 18.s.i treeining Matt 8,14-17	kl.11.00	Vangsnes kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste
10.okt., Laurdag	kl.11.00	Vik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste
	kl.14.00	Arnafjord kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste
18.okt., 20 s. i treeining Joh 11,1-5	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste
25.okt., Bots og bøneda Luk 13, 22-30		Inga gudsteneste i Vik

Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista! Sjå heimesida/Sogn Avis/plakatar!

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

KYRKJESKYSS:

Vik: Ring Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag før gudstenesta)
Vangsnes: Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981F
Feios: Ring leiar Monica Feidje Midlang 951 72 583
Fresvik: Ring Marianne Bøthun 938 46 851
Arnafjord: Ring leiar Ola Engum 975 34 827